

ABORT  
ER ♀  
KVINNERS  
VALG!



[sv.no/bli-medlem](https://sv.no/bli-medlem)

# Fjern nemndene – sjølvbestemd abort for alle!

Retten til sjølvbestemt abort har vore ei av kvinnerørsla sine viktigaste sigrar. Denne retten har gitt kvinner høve til å bestemme over eigen kropp og ta avgjerder om abort fram til veke 12. For avgjerder om abort etter veke 12 har kvinna måtte møte i nemnd. Dette vil SV avskaffe.

No krev vi ei oppdatert lov, som sikrar full sjølvråderett og fjernar overformynderi. Verdsorganisasjonen for helse lanserte i 2022 nye retningslinjer for helsehjelp til kvinner som tek abort. I desse framkom det at den tryggaste måten å sikre god abortomsorg på, er å ikkje avgrense når i svangerskapet ein abort kan bli utført.

Mange kvinner som har gjennomført abort får ikkje den oppfølginga og rettleiinga dei skulle ønske. Det er på tide å styrkje tilbodet til kvinner som skal gjennom eller har utført ein abort. Kvinner som ønskjer det må få tilbod om abort på sjukehuset, og alle som vil må få ein samtale med fagperson. I tillegg må det bli mogleg å få ta abort med hjelp av fastlegen for dei som ønskjer det.

Abortutvalet har lagt fram eit forslag til ei oppdatert og ny abortlov. SV vil jobbe for at det blir vedteke ei ny og betre lov, som sikrar meir sjølvråderett og rettsfesta oppfølging.

I mange land ser vi dessverre at kampen for sjølvråderett for kvinner ved abort går altfor sakte, eller til og med feil veg. SV vil støtte den internasjonale kampen for rett til sjølvbestemt abort.

**Sosialistisk Venstreparti**

Hagegata 22, 0653 Oslo  
21 93 33 00  
post@sv.no  
sv.no

Meld deg inn  
i SV her:

